

FEDJE KOMMUNE
Stormarkvegen 49
5947 Fedje

Dato 29.06.2023
Vår referanse 2023/66091-2
Dykkar referanse
Sakshandsamar Kari Elster Moen
E-post Kari.Elster.Moen@vlfk.no
Telefon 57 99 22 07

Att.Berit Karin Rystad

Opplysning om saksgang for bygging av fortau langs fylkesveg - gnr 168 bnr 134 - Fv 5510 - Stormarkvegen - Fedje kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad om graveløyve for oppføring av fortau langs fv. 5510 Stormarkvegen. Vi mottok søknaden 24.06.2023.

Dette er ei sak som ikkje kan behandlast som ei graveløyvesak.

De søker om å bygge fortau langs fylkesvegen. Dette blir ein del av fylkesveganlegget som fylkeskommunen skal overta drift og vedlikehaldsansvaret for. Det må derfor avklarast med oss korleis fortauet skal byggast.

Saksgangen for dette er at det først må inngåast ein gjennomføringsavtale med fylkeskommunen. Til grunn for avtalen må det ligge tekniske teikningar i samsvar med handbok R700. I dialogen om gjennomføringsavtalen vil vi gjere greie for kva teikningar som er nødvendige i denne saka.

De kan ta kontakt med oss for å inngå gjennomføringsavtale, så vil vi koordinere dette internt og overføre saka til rette eininga som vil følge saka vidare.

Med helsing

Linda Hjelmeland
fagkoordinator
INV - Forvaltning Bergensområdet

Kari Elster Moen
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

SAMNØY MASKIN

5947

FEDJE